

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam formannskap	08.06.2004	115/04	SILA
Kvam formannskap	15.06.2004	142/04	SILA
Kvam heradsstyre	22.06.2004	085/04	SILA

Avgjerd av: heradsstyre Saksh.: Lars Endre Tholo	Arkiv: N-231 Objekt:	Arkivsaknr 2004000851
---	---------------------------------------	---------------------------------

Bibliotekplan for Kvam herad 2004 - 2007

Samandrag:

Kvam heradsstyre vedtok 11. februar 2003 / H-sak 09/03, at det skulle utarbeidast ny bibliotekplan for Kvam . Mandatet plangruppa fekk var:

Bibliotekplanen for Kvam skal mellom anna utgreie følgjande:

1. *Struktur for framtidig bibliotekteneste i Kvam*
2. *Framtidige biblioteklokale.*
3. *Nye tenestetilbod.*
4. *Regionale bibliotektenester.*
5. *Opningstider/bemanning.*

Kommuneplanen inneholder mellom anna desse hovudtema : "Kvam som kulturkommune" , "Kvam herad som ein tenesteytande og serviceretta kommune" og Kvam som Informasjons-, Kommunikasjons- og Teknologi-kommune". Desse hovudtema har alle strategiar der utvikling av biblioteka er ein føresetnad for å lukkast.

Bibliotekplanen inneholder mange av elementa som er nemnt i kommuneplanen og er eit godt plandokument for vidare utvikling av bibliotektenesta i Kvam.

Skal vi lukkast i å gjera biblioteka meir synlege i bygdene våre, utvikla dei til gode møteplassar og informasjonssentra for offentleg informasjon, krev det ressursar.

Administrasjonen vil bruka litt tid på å vurdera dei ulike tiltaka i planen og koma med forslag til prioriteringar i samband med budsjetta framover. Rådmannen tilrår at plandokumentet vert vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kvam heradsstyre godkjenner Bibliotekplan for Kvam 2004 – 2007 .
2. Prioritering av dei ulike tiltaka vert gjort i samband med budsjetta.

15.06.04 Kvam formannskap**Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 9 røyster og vart samrøystes tilrådd.

FSK-142/04 Tilråding:

1. Kvam heradsstyre godkjenner Bibliotekplan for Kvam 2004 – 2007 .
2. Prioritering av dei ulike tiltaka vert gjort i samband med budsjetta.

Saksordførar: Vigdis Håland, Ap.

22.06.04 Kvam heradsstyre**Framlegg frå Arild Berge, Uah:**

Kvam heradsstyre ber administrasjonen om å gå i tingingar vedkomande nye lokalitetar for biblioteka i Øystese og Ålvik. Dei nye lokala skal vera sentrumsnære. Saka kjem attende til ny handsaming i heradsstyret før utgangen av 2004.

Røysting:

Tilrådinga frå Kvam formannskap fekk 27 røyster og vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Arild Berge, Uah, fekk 27 røyster og vart samrøystes vedteke.

HST-085/04 Vedtak:

1. Kvam heradsstyre godkjenner Bibliotekplan for Kvam 2004 – 2007 .
2. Prioritering av dei ulike tiltaka vert gjort i samband med budsjetta.

Kvam heradsstyre ber administrasjonen om å gå i tingingar vedkomande nye lokalitetar for biblioteka i Øystese og Ålvik. Dei nye lokala skal vera sentrumsnære. Saka kjem attende til ny handsaming i heradsstyret før utgangen av 2004.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel	Brevdato
04/851-1	Bibliotekplan for Kvam 2004 – 2007	22.03.2004

Saksopplysningar:

I arbeid med realisering av kommuneplanen 2002 – 2014 er det utarbeida eitt overordna strategisk målkart som inneheld styringsparameter og strategiske mål (sjå Årsmelding 2003). I samband med etablering av nytt bibliotek er ein av dei mest sentrale strategiske måla
24-timarskommunen:

"Kvam skal ha eitt elektronisk servicekontor som skal gje tilgang på informasjon og tenester 24 timar i døgnet. Det skal vera mogleg med interaktiv bruk av forvaltningsstenester på Internett.

Det skal tilretteleggjast for offentleg servicesenter og møteplassar, der innbyggjarane i Kvam møtest, og får relevant informasjon og rettleiing."

Etablering av nytt bibliotek er ein viktig milepål i arbeidet med å betra dialogen med brukarane i Kvam herad. Gjennom dialog får ein kunnskap om dei behov og ønskjer som brukarane har, samt at ein kan få gode innspel til dei utfordringane me står ovanfor i tida framover. I tillegg til større involvering og eigarskap, vil me oppnå større forståing for dei val som kommunen gjer.

I samband med etablering av nytt hovudbibliotek vert det viktig å aktivt marknadsføre tenestene me kan tilby på denne møteplassen. Dette vil også vera eit godt verkemiddel for å betra innbyggjarane sin oppfatning av kommunen, og på den måten bidra til å nå det strategisk målet

"Stolte innbyggjarar med felles identitet" og for brukarane "Heilskapleg satsing på kultur.."

Vurdering:

I samband med årsmeldinga for 2003 føreligg det forslag til disponering av overskot. 2 av desse forslaga er knytt spesielt til Bibliotekplan 2004-2007.

Forslag E: kr 100.000 til utarbeiding av ”grafisk design” for profilering av biblioteket.

Forslag F: kr 100.000 til flytting av hovudbibliotek, samt it-opprustning av filialar og bokbuss.

Det er også gjort vurderingar av nye sentrumsnære lokalitetar i samband med flytting av bibliotek i Øystese og Alvik, men det føreligg ikkje noko oversikt på kostnadene knytt til dette enno.

Ressursar utover det som er foreslått disponert av overskot i Årsmeldinga 2003, vil verta søkt funne i form av omdisponering av driftsbudsjetten.